

Radøy Skyttarlag  
Radøyvegen 1739  
5936 MANGER

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/2697 - 21/55794

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
24.08.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 438/73 Helland

Tiltak: tilbygg til skytterhus  
Byggjestad: Gbnr: 438/73  
Tiltakshavar: Radøy Skyttarlag  
Ansvarleg søkjar: Radøy Skyttarlag

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 19.03.2021. Vi ber om orsaking pga. lang sakshandsamingstid.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi viser til vedlagt referatet frå førehandskonferanse i saka 20/12467 og ber om å støtte krav til tiltaket som er lista opp der.
2. Tiltaket krev søknad med ansvarsrettar og skal sendast av ansvarleg søkjar/føretak med byggteknisk kompetanse. Søknaden skal innehalde erklæringar om ansvarsrettar og gjennomføringsplan.
3. Teikningar skal vise kote-, gesims- og mønehøgdd. Det skal sendast målsatt teikning på skyteskiver i tillegg til standplass.
4. Opplysningar om ytre rammer skal vere vedlagt.
5. Det er opplyst i søknaden at bygd areal på tiltaket (standplass og skyteskiver) er ca. 88 m<sup>2</sup>, mens det ser slik ut at det er på ca. 102,5 m<sup>2</sup> inklusiv skyteskiver.
6. Søknaden skal sendast til uttale til Politiet før vi kan handsama saken.
7. Tiltaket er ikkje nabovarsla, kommune legg til grunn at naboar sine interessar er ikkje råka og støyforhald er ivareteke i reguleringsplanen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 25.09.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Radøy Skyttarlag

Radøyvegen 1739

5936

MANGER